



VOLDA KOMMUNE
Utvikling

**FORSKRIFT OM GEBYRREGULATIV FOR
FORVALTNINGSTENESTER**

**ETTER
PLAN- OG BYGNINGSLOV
(BYGGESAKSDELEN)
OG
LOV OM EIERSEKSJONER**

Gjeldande frå 01.01.2019

Regulativet er heimla i plan- og bygningslova (byggesaksdelen) § 33-1 og lov om eierseksjoner (eierseksjonslova) § 7

Vedteke i Volda kommunestyre den 13.12.2018, PS 140/18

Dette gebyrregulativet erstattar gebyrregulativ som vart vedteke 14.12.2017 sak 137/17, gjeldande frå 01.01.2018.

A Generelle reglar

A.1 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet.

Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid. Dette gjeld også for føretaksgodkjenning.

Ved avslag av søknad skal det betalast 60 % av opphøveleg saksgebyr. Dette gjeld ikkje for dispensasjon-, ansvarsrett- eller frådelingsøknader der det skal betalast fullt saksgebyr sjølv om søknaden vert avlegen.

A.2 Gjeldande regulativ

Gebyra skal reknast ut etter det regulativet som gjeld den datoen kommunen mottok ei tilfredsstillande søknad, eller rekvisisjon. Det vil seie at dokumenta stettar dei minimumskrava som er kravd i forskrift.

Gebyret dekker sakshandsaming av frådelings- og byggesaker, førehandskonferansar, dokumentkontroll, plassering og høgde på bygningar utifrå innsende teikningar, mellombels bruksløyve/ ferdigattestar og eventuelt tilsyn. Det vert i tillegg kravd gebyr for handsaming av søknad om igangsetting, føretaksgodkjenning og dispensasjon.

Der eit tiltak er eit kombinasjonstiltak med fleire ulike og sjølvstendige brukseiningar, skal det betalast gebyr per eining.

Opprekninga av tiltak under C.3.1 og C.3.2 er ikkje uttømmande. Kommunen fastset i alle søknadssaker kva punkt i regulativet gebyret skal reknast ut etter.

Faste gebyr føreset at søknaden er i samsvar med førehandsgodkjende tekniske løysingar. Der dette ikkje er tilfelle, skal gebyra reknast ut etter medgått tid og kommunen sine utlegg til fagkunnig hjelp. I desse sakene skal fastgebyret vera minstegebyr.

A.3 Betalingstidspunkt

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr. Gebyret skal utsendast snarast etter at vedtak eller oppgåve er gjort.

Kommunen kan krevja at gebyret er betalt før kommunen si sakshandsaming tek til. For arbeid som skal betalast etter brukte timeverk, skal kommunen ved krav om førehandsbetaling stipulere gebyret. Når kommunen sine arbeid er fullført, skal kommunen rekna ut det endelege gebyret og skriva ut tilleggsrekning eller betala attende for mykje betalt gebyr.

A.4 Timepris

Timekostnad i dette regulativ skal dekkje både direkte og indirekte kostnadar. Meirverdiavgift skal leggjust til etter gjeldande reglar.

A.5 Urimelege gebyr

Dersom gebyret er klart urimeleg i forhold til dei prinsipp som er lagt til grunn, og det arbeidet og dei kostnadar kommunen har hatt, kan administrasjonssjefen eller den han/ho har gjeve fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr.

Fullmaktshavar kan under same føresetnad og med bakgrunn i grunngeven søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr. Avgjerd etter søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

A.6 Fritak for gebyr

Når særlege grunnar tilseier det, kan kommunen heilt eller delvis gje fritak for kommunale gebyr i ei konkret sak.

A.7 Klage

Fastsetjing av gebyr i ei einskild sak etter regulativet, kan ikkje påklagast, jf. § 40 i forvaltningslova. Kommunen si avgjerd etter søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

Enkeltvedtak etter dette regulativet kan påklagast. Fylkesmannen er klageinstans. Klage på gebyrfastsetjing gir ikkje utsetjing av betalingsfristen. Klagefrist er 3 veker.

A.8 Avbrote arbeid

Når ein tiltakshavar/rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr i høve til det som er utført eller som kommunen må utføre.

A.9 Endring av regulativet eller gebyrsatsane

Kommunestyret vedtek gebyrregulativet og endringar i dette, normalt i samband med kommunestyret si behandling av budsjettet for komande år.

Gebyrsatsane skal regulerast årleg, og satsane gjeld frå kunngjeringsdato.

Alle satsar skal avrundast til næraste heile 10 kroner.

B Tenester, attestar og liknande som skal betalast etter medgått tid

B.1 Attestar o.l.

For attestar o.l., som kommunen kan krevje gebyr for i medhald av plan- og bygningslova, og som ikkje er spesifisert i regulativet for den einskilde lova kan kommunen krevje gebyr etter medgått tid etter dei satsar som kjem fram av pkt. B.2.

B.2 Timepris

For gebyr som skal reknast ut etter medgått tid, jf. regulativet, skal det nyttast følgjande timesatsar. Meirverdiavgift skal leggjast til etter gjeldande reglar (25%).

Timepris, vanleg arbeid	kr 1 050,- + mva
Timepris, arbeid med bruk av måleutstyr:	kr 1 450,- + mva

C Gebyr for arbeid etter plan- og bygningslova (§ 109)

C.1 Kart og eigedomsoppgåver (§ 5)

C.1.1 Kart til plan-, prosjekterings- og dokumentasjonsarbeid

For utskrift på papir:

FKB ¹ standard	Format A 4	Format A 3	Format A 2	Format A 1	Format A 0
FKB (fylt fargeflate)	0,-	0,-	360,-	460,-	560,-
FKB (strekkart)	0,-	0,-	310,-	360,-	460,-

Der grunnkartet blir supplert med informasjon om nedgravne leidningar, skal det betalast 10% tillegg for kvart av tema: V/A , nedgravne el-kablar og signalkablar (tele/TV).

For kopi av **digital** kartbase levert på digital form skal det reknast gebyr i samsvar med kommunen sin "Geovekstavtale".

minimum: kr 1 100,- + 33% påslag

Tillegg til ordinært gebyr for kartbase i anna format enn sosi kr 550,-

C.2 Plansaker (Sjå eige regulativ, med unntak av dispensasjonar ; sjå pkt C.3.4)

¹ FKB (felles kartdatabase) standardane er definert i SOSI (samordna opplegg for stadfesta informasjon) standarden. FKB-B tilsvarar kommunale tekniske kart i M = 1 : 1000, FKB-C tilsvarar økonomisk kartverk i M = 1 : 5000 og FKB-D tilsvarar Noreg i M = 1 : 50 000.

C.3 Tiltakssaker (Bygge og anleggssaker)

C.3.1 Mindre tiltak på bebygd eigedom som krever søknad og løyve etter PBL § 20-4

C.3.1.1 Mindre tiltak på bebygd eigedom (jf PBL § 20-2 og Byggesaksforskrifta § 3-1)

a. Tilbygg	kr 4 400,-
b. Oppføring, endring, m.v. av mindre frittliggande bygning	kr 4 400,-
c. Riving av mindre frittliggande bygning	kr 3 000,-
d. Terasse (inkl. utviding/endring)	kr 3 600,-
e. Støttemur	kr 3 600,-
f. Bruksendring fra tilleggsdel til hoveddel innanfor ein bueining	kr 3 600,-
g. Skilt- og reklameinnretning	kr 3 600,-
h. Antennesystem	kr 3 600,-

C.3.1.2 Alminnelege driftsbygningar i landbruket (jf PBL § 20-2 b og Byggesaksforskrifta § 3-2)

a. Oppføring, endring, riving m.v – bruksareal inntil 1000 m ²	kr 4 700,-
b. Tilbygg - bygningens totale bruksareal inkl. tilbygg < 1000 m ² .	kr 4 700,-

C.3.1.3 Mellombels bygningar, konstruksjonar eller anlegg (jf PBL § 20-1 j og § 20-2 c)

a. Oppføring av mellombels bygningar, konstruksjonar eller anlegg som ikkje skal plasserast for eit lengre tidsrom enn 2 år	kr 4 400,-
---	------------

C.3.1.4 Andre mindre tiltak (PBL § 20-2 d)

kr 3 600,-

C.3.2 Tiltak som krever søknad og løyve etter PBL § 20-1 og § 20-3

Saksgebyr for konstruksjon, anlegg og vesentlege terrengendringar, som er ein integrert del av ein byggesøknad, er medrekna i saksgebyret .

C.3.2.1 Oppføring av bygning (PBL § 20-1 a)

a. Bustad og fritidsbygning (Bygningstypekode 111-172 og 193-199)	kr 14 100,-
b. Bueining nr. 2 til og med nr 5 i same bygning:	kr 7 000,-
c. Frå og med bueining nr. 6 i same bygning:	kr 3 500,-
d. Garasje, uthus, naust (Bygningstypekode 181-182) inntil 100 m ²	kr 6 600,-
e. Garasje, uthus, naust (Bygningstypekode 181-182) > 100 m ²	kr 9 800,-
f. Industri- og energiforsyningsbygning, (Bygningstypekode 211-229 og 241-249)	kr 19 800,-
g. Lagerbygning (Bygningstypekode 231-239)	kr 10 000,-
h. Fiskeri- og landbruksbygning (Bygningstypekode 241-249)	kr 6 500,-
i. Kontor- og forretningsbygning (Bygningstypekode 311-330)	kr 48 900,-
j. Samferdsel og kommunikasjon (Bygningstypekode 411-449)	kr 42 700,-
k. Hotellbygning (Bygningstypekode 511-519)	kr 53 500,-
l. Bygning for overnatting (Bygningstypekode 521-529)	kr 24 800,-
m. Restaurantbygning (Bygningstypekode 531-539)	kr 18 500,-
n. Skulebygning (Bygningstypekode 611-629)	kr 46 700,-
p. Museums- og bibliotekbygning (Bygningstypekode 641-649)	kr 24 800,-
q. Idrettsbygning (Bygningstypekode 651-659)	kr 41 600,-
r. Kulturhus (Bygningstypekode 661-669)	kr 53 500,-
s. Bygning for religiøse aktiviteter (Bygningstypekode 671-679)	kr 36 100,-
t. Sjukehus (Bygningstypekode 719)	kr 53 500,-
u. Sjukeheim og primærhelsebygning (Bygningstypekode 721-739)	kr 36 100,-

- v. Fengsel, beredskap o.a. (Bygningstypekode 819-840) kr 53 500,-

C.3.2.2 Tilbygg, påbygg, underbygg og plassering (PBL § 20-1 a)

For tilbygging av ny(e) bueining(ar) eller tilbygg, påbygg eller underbygg som avgjerande endrar eksisterande bygning, konstruksjon eller anlegg, skal det betalast gebyr som for nybygg.

- a. Tilbygg, påbygg eller underbygg. Bruksareal < 100m² kr 6 000,-
b. Tilbygg, påbygg eller underbygg, Bruksareal 101 - 200 m² kr 8 100,-
c. Tilbygg, påbygg eller underbygg, Bruksareal > 200 m² kr 14 100,-
d. Tilbygg, påbygg eller underbygg til rein lagerbygning kr 6 000,-

C.3.2.3 Fasadeendring, bruksendring og ombygging (PBL § 20-1 c-d og g)

For søknad som samstundes føreset endringar av eksisterande bygning, konstruksjon eller anlegg, skal det i tillegg til gebyr, betalast aktuelt gebyr for endringane.

- a. Fasadeendring/Ombygging kr 4 800,-
b. Bruksendring – gebyr per nye bueining kr 7 000,-
c. For andre bruksendringar vert det rekna gebyr tilsvarande 30 % av opphaveleg fastsett gebyr. Kommunen kan krevje at saka vert handsama som ny sak. Kommunen skal i så fall avgjera om det skal fastsetjast reduserte gebyr i høve regulativet jf. pkt A4

C.3.2.4 Riving av bygning, konstruksjon eller anlegg (PBL § 20-1 e)

- a. Riving av bygning < 100 m² kr 3 600,-
b. Riving av bygning > 100 m² kr 4 200,-

C.3.2.5 Arealuavhengige tiltak (PBL § 20-1 b,f , h-i og k-l)

- a. Heis, installasjon eller rehabilitering/endring kr 3 600,-
b. Skorstein, nyoppføring eller rehabilitering, inkl. ildstad kr 3 600,-
c. Gjerde og innhegning kr 3 600,-
d. Skilt eller reklameinnretning kr 3 600,-
e. Mindre terrenginngrep, konstruksjonar og anlegg, veganlegg, parkering, damanlegg, flytebrygger, basseng, brønn, røranlegg o.l kr 3 600,-
f. Vesentlege terrenginngrep, konstruksjonar og anlegg, veganlegg, parkering, damanlegg, flytebrygge, basseng, brønn, røranlegg o.l kr 8 700,-

C.3.3 Godkjenning av foretak m.v. for ansvarsrett (PBL kapittel 22, 23 og 24)

- a. Handsaming av søknad om lokal godkjenning eller sjølvbyggar kr 1 100,-
b. Der det i søknad om løyve etter PBL § 20-2 vert søkt ansvarsrett, vert det gitt eit gebyr for kvar ansvarsrett eller lokal godkjenning kr 1 100,-

C.3.4 Dispensasjon (PBL kapittel 19)

- a. For kvart tilhøve av dispensasjon som ikkje krev politisk handsaming kr 5 600,-
b. For kvart tilhøve av dispensasjon som ikkje krev høyring kr 14 200,-
c. For kvart tilhøve av dispensasjon som krev høyring kr 17 500,-

C.3.5 Innhenting av løyve eller uttale/samtykke frå anna mynde (PBL § 21-5)

- Løyve eller uttale/samtykke frå anna mynde, eit gebyr per innhenting kr 2 100,-

C.3.6 Delingssøknad (PBL § 20-1 m)

- a. Søknad i regulert område, der grenser er i samsvar med godkjent regulerings- eller utbyggingsplan kr 4 300,-

- b. Søknad i regulert område, der det er andre grenser enn fastsett i gjeldande plan eller der desse ikkje er fastlagde kr 5 400,-
- c. Søknad i uregulert strøk. Byggetomt og andre formål kr 7 300,-

C.3.7 Endringar i høve gitt løyve

Der det vert gitt lokal godkjenning må det gis gebyr også i samsvar med C.3.3.

- a. Mindre endringar i saker etter pbl § 20-2 kr 1 700,-
- b. Mindre endringar i saker etter pbl § 20-1 kr 3 000,-
- c. Større endringar; For sakshandsaming av større endringar i høve gjeve løyve vert det rekna gebyr tilsvarande 30 % av opphavelag fastsett gebyr. Kommunen kan krevje at saka vert handsama som ny sak. Kommunen skal i så fall avgjera om det skal fastsetjast reduserte gebyr i høve regulativet jf. pkt A4

C.3.8 Mangelfull søknad eller melding

- a. Etterlysing av manglande dokumentasjon i søknad (gjeld berre for ansvarlege føretak) kr 1 200,-
- b. Gjennomgang og retur av søknad som ikkje er korrekt eller inneheld den minimumsdokumentasjon som er kravd i forskrift kr 1 200,-

C.3.9 Igangsettingsløyve

Igangsettingsløyve, eit gebyr per løyve kr 3 100,-

C.3.10 Ulovlege byggearbeid

Dersom søknadsplichtige arbeid vert sett i gang eller eit søknadsplichtig tiltak vert teke i bruk utan løyve, vert det gitt eit tilleggsgebyr på 50% av fullt handsamingsgebyr, minimum:kr 3 100,-

Det kan i tillegg vert gitt eit overtredingsgebyr jf byggesaksforskrifta § 16

D Gebyr for arbeid etter Lov om eigedomsregistrering/matrikkellova (sjå *eige regulativ*)

E Gebyr for arbeid etter lov om eigarseksjonar (§ 7)

E.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom

- | | |
|----------------------------------|-----------------|
| a. Sak som krev synfaring: | fem rettsgebyr. |
| b. Sak som ikkje krev synfaring: | tre rettsgebyr. |

E.2 Utarbeiding av målebrev for grunnareal som er del av ein seksjon

Der det inngår grunnareal i ein seksjon, skal det i tillegg til seksjoneringsgebyr etter E.1, betalast gebyr etter reglane i gebyrregulativ for forvaltningstenester etter Lov om eigedomsregistrering(Matrikkellova) § 5.1.3.

E.3 Ny handsaming av avslegen søknad

Der fornya søknad om seksjonering eller reseksjonering av eit bruksnummer eller festenummer, fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr koma til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. (Kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr.)